



Rune Nilsen  
Holmeknappen 17  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2967 - 16/23885

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
19.12.2016

## Løyvingsbrev Gbnr 52/7 SMIL-2016 -tilskot til inngjerding av beite

**Administrativt vedtak. Saknr: 433/2016**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 16.12.2016.

Meland kommune fekk løyvd ekstra SMIL-midlar i desember 2016 etter dialog med Fylkesmannen i Hordaland. Meland kommune har motteke søknad frå Rune Nilsen for Gnr. 52. bnr. 7.

Rune Nilsen har søkt om tilskott til: inngjerding av beite.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet. Det er registrert vannrikse i Kårbøtjørna som ligg i nærleiken, den står oppført som sårbar på raudlista og er ein i nasjonal forvaltningsart.

Bruket har eit jordbruksareal på 9,5 daa, 104,4 daa skog og 47,9 daa anna areal. Driftsforma på bruket er storfehold.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

### Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge

søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.

2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2015 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

### Vurdering:

Rune Nilsen har nyleg tatt over bruket, og driv i dag saman med sin mor med skotsk høylandsfe. Han ynskjer å nytta jordbruksareal og utmarka til beite i drifta. Dei har tidligare gjerda inn store beiteområder på Bratshaug med permanent elektrisk gjerde for å kunne nytta beite gjennom heile året. Søkjar har allereie starta med å snakke med andre grunneigarar i området om å få gjerde inn større areal. Såleis ynskjer han å nytta eit større samanhengande areal til beite. Gjerding med permanent elektrisk gjerde er ein god å effektiv måte å lage store og gode beiteareal som kan nyttas heile året. Det er ikkje heilt klarlagt kor stort område som skal gjerdast inn vert, men det er snakk om eit stort areal. Derfor har administrasjonen satt opp eit forenkla reknestykke i samband med gjerdeprosjektet basert på søkjars kostnadsoverslag for området.

Reknestykket vert slik:

Tiltak	Kostnad kr	Tilskotssats	Tilskot kr
Gjerding	100000	50	50000

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 og ut i frå den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar på Kårbø. Etter ein gjennomgang i artskart og naturbase, er det ikkje funne viktige naturverdiar på området, men det er registrert vannrikse i nærleiken jf. § 8. Administrasjonen har vurdert til at kunnskapen om naturmangfaldet i området er god nok, og at føre-var-prinsippet ikkje gjer seg gjeldane jf. § 9. Det er planlagt å nytta arealet til beiting, deler av arealet er jordbruksareal, og det har truleg vert beita i det som i dag står oppført som skog og utmark i gardskartet. Det er difor inga endring av bruken av arealet og tiltaket vil truleg ikkje medføra auka belastning på området jf. §10. Administrasjonen meiner at beitinga ikkje vil komma i konflikt med naturverdien registrert i Kårbøtjørna, då det har vore nytta som beite/jordbruksareal rundt vatnet mens vannrikxa har nytta vatnet. Vidare legg administrasjonen vekt på at det er kunn ein liten del av eigedommen som grenser ned til vatnet. Naturmangfaldlovas §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle for dette tiltaket. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

## Vedtak

”Meland kommune løyver 50 000 kr i tilskot til Rune Nilsen på Gnr. 52 bnr. 7. Løyvinga er eit eingongstilskot. Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 31.12.2019.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngeving, seinast ein måned før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekkje punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søkjar før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Særskilde vilkår – beite:

Omsøkt areal bør nyttast til beite/slått i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. Kommunen minner om at det på gamal kulturmark ikkje bør oppgjødselast eller nyttast fullgjødsel. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne arts mangfaldet. Ved gjerding skal gjerdet ha ein 4 mm overstreng og bendsel mellom kvar stolpe, det vert i tillegg sett krav om at det er understreng ved hald av småfe, og tilrådd ved hald av andre beitedyr, for å sikre god stabilitet og lengre levetid.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarande mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf. § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan

krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

#### Omgjering av vedtak:

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga. ”

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket GBNR 52/7

#### Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

#### Mottakere:

Rune Nilsen

Holmeknappen 17 5918

FREKHAUG